

MØTEPROTOKOLL BARN OG UNGES KOMMUNESTYRE

Møtestad: Hå rådhus (kommunestyresalen)
Dato: 18.11.2021
Tidspunkt: KI 09:00 - 12:20

Deltakarar:

Skule	Elever
Varhaug skule	Noah Midttun Simone Ekroll Kornelius Ueland
Tryggheim ungdomsskule	Andreas Stokke Fredrik Sørli Helene Laupland
Varhaug ungdomsskule	Birk Mørk Storm Ange Uwamahoro Benjamin Skeie Hølland
Bø skule	Martin Versland Bjorland Leo Vigre Bo Gravdal
Ogna Skule 5-7	Tord Amundsen Jon Sverre Jensen Hanna Friestad
Ogna Skule 8-10	Agathe Matningsdal William Tuen Vegard Lokøy
Vigrestad storskule 5-7	Kamil Bociek Ludvig Bø Daniel Stokkeland
Vigrestad storskule 8-10	Johannes Haarr Simon Teilgård Særheim Zander Heggelund
Nærbø ungdomsskule	Emma Tjelta Augheim Martin Espe Alva Dubland Reime
Motland skule	Torjus Valskår Jonathan Brandal Truls Reime
Høyland skule	Tonje Nærland Erfjord Tollak Malmin Lerke Karlsem

Avbod til møtet: 3 elevar = BUK er røystefør med 30 elevar.

Innkalling: Godkjent
Sakliste: Godkjent
Merknader: Ingen

Barn og unges kommunestyre 2021



Foto: Cecilie Haukeli Løvås

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/21	Økonomiplan 2022-2025 - Budsjett 2022 - Barn og unges kommunestyre
002/21	Spørsmål til ordføreren BUK 2021
003/21	Fordeling av midler BUK 2021

001/21: Økonomiplan 2022-2025 - Budsjett 2022 - Barn og unges kommunestyre

Kommunedirektøren si innstilling:

Barn og unges kommunestyre tek budsjett og økonomiplan til orientering.

I tillegg føreslår barn og unges kommunestyre:

18.11.2021 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Nærbø ungdomsskule fremja forslag:

Om å bruka kr. 100 000,- til nytt naturfagrom.

Ogna skule (8-10) fremja forslag om å bruka:

Kr 100 000,- til Se Meg stasjonen på Vigrestad.

Varhaug skule fremja forslag:

Frikjøp av lærar (vikarbruk) og til kjøp av utstyr, slik at skulane kan få til ein uteskule.

Vigrestad storskule fremja forslag om:

Fleire lærarar i skulen.

Varhaug ungdomsskule fremja forslag om å bruka kr 100 000,- til :

Betre polititryggleik i Hå kommune.

Alle forslaga vart samrøystes vedteke.

Forslaga blir sendt til kommunestyret, som innspel til økonomiplanen som skal til behandling i kommunestyremøtet den 16. desember 2021.

BUK- 001/21 Vedtak:

Nærbø ungdomsskule :

Bruka kr. 100 000,- til nytt naturfagrom.

Ogna skule (8-10):

Kr 100 000,- til Se Meg stasjonen på Vigrestad.

Varhaug skule :

Frikjøp av lærar (vikarbruk) og til kjøp av utstyr, slik at skulane kan få til ein uteskule.

Vigrestad storskule:

Fleire lærarar i skulen.

Varhaug ungdomsskule vil bruka kr 100 000,- til :

Betre polititryggleik i Hå kommune.

Forslaga blir sendt til kommunestyret, som innspel til økonomiplanen som skal til behandling i kommunestyremøtet den 16. desember 2021.

002/21: Spørsmål til ordføraren BUK 2021

Kommunedirektøren si innstilling:

18.11.2021 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling: Spørsmål

Varhaug skule:

- *Bruker ordføreren Tine eller Q-meieri melk?*

- Ordføreren svara:

I husdyrkommunen Hå produserer vi mykje melk, og nokre melkebønder leverer til Tine, andre til Q-meieria. Då eg var gutt og budde på gard, fanst det ikkje noko Q-meieri, så eg er nok mest van med Tine, men melk er melk.

- *Me sakner ein kafe på Varhaug, ein plass å møtast på ettermiddager, er det nokre planar om noko slikt?*

- Ordføreren svara:

I ny sentrumsplan for Varhaug, har vi sett overskrifta «ein møteplass for alle». Kommunen skal leggja til rette for virksomhet, men det er ikkje kommunen som har tenkt å driva med kaféar og slikt.

Vi har fleire som sel mat i Varhaug, så som Pizza og thai-mat. Bø-en kjenner de. Skrettingen har og laga ein plass der ein kan sitja ned for ein matbit. Men ein kafé der det er naturleg for ungdommen å henga om kveldane er det ikkje, og eg kjenner ikkje til planar for det.

Det vi har frå kommunen si side, er jo klubben i Lensmannsløa. Og vi har «Iden» og arrangement på «Misjen» og i 4H.

- *Kva tenker ordføreren om å tillate tyggis på skulane?*

- Skulesjef Rune Roaldsen svara:

Den kommunale forskrifta om ordensreglement gjeld alle grunnskulane i Hå kommune. Ingen av reglane der omtaler tyggi, men i § 4 om åtferd står det to reglar som kan brukast som tolkning mot bruka av tyggi:

- visa respekt for skulen og andre sine eigedelar
- ikkje forstyrre læringa for seg sjølv og andre

Skulane skal ikkje vedta eigne ordensreglar, men kan ved behov konkretisera dei.

Konkretiseringane skal samsvare med dei kommunale reglane. Det er derfor opp til skulane å avgjere om tyggi er tillatt på skulen eller ikkje.

- *Skulane er oppfordra til reise på sykkeltur med elevane sine. Kva gjer kommunen med elevar som ikkje har sykkel eller har råd til det? På vår skule er det og mange som må reise med buss og taxi og som derfor ikkje kan ta med sykkelen til skulen. Kan kommunen kjøpe inn skikkelige sykler til skulane som dei kan bruke, lånesyklene me har er skikkelig dårlige.*

- Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Frilager tilbyr gratis utlån av utstyr til skoler. Vi håper at kommunestyret vedtar

at Hå kommune blir medlem i dette budsjettet. Da kan skolene bestille sykler og annet nødvendig utstyr når de skal på tur.

Ogna skule:

- *Er det planer om å gjennomføre forsøk med leksefri skule i Hå kommune?*

- Skulesjef Rune Roaldsen svara:

Det er ikkje planer om å gjennomføre forsøk med leksefri skule i Hå kommune. Det har kome fleire spørsmål om leksefri skule, som me kjem tilbake til etter kvart.

- *Er det planer om å sette opp lyktestolper på Fuglestadvegen og kjem det sykkelsti?*

- Ordføraren svara.

Kommunen set av litt pengar kvart år til gang- og sykkelvegar, og til gatelys. Det er laga prioriteringslister for begge deler, og det er politikarane som har ansvar for tekniske saker og næring som har føreslått kor vi skal byggja fyrst, og setja opp nye gatelys. Til sist er det kommunestyret som har gjort vedtak i økonomiplanen sin. Dei har nok då sett på kor det er farlegast, og kor vegane er mest brukt. Fuglestadvegen står ikkje for tur til sykkelsti, og heller ikkje for gatelys. Når det er sagt, er det ikkje så voldsomt mykje pengar som vert sett av kvart år.

- *Er det nokon planer m å bygg/lage aktiviteter i Brusand sentrum?*

- Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara.

Det er ikke noen konkrete planer om dette. Det arbeides med planer for alle sentrumene i Hå kommune, fra nord til sør. Nærbø og Varhaug er nå vedtatt, så vi håper at turen snart kommer til Brusand

- Lyktestolpene går av kl. 11 i Jærnbarnskogen, går det an at dei lyser lenger?

- Ordføraren svara.

Det er sjølvsagt fullt mogeleg å ha lyset på lenger, men straum kostar, også for kommunen. Å bruka straum har og ei miljø-side. Vi bør tenkja meir på korleis vi brukar straum, for det er ikkje uendeleg med straum, og den straumen som ikkje vert laga med vasskraft, sol eller vind, vert laga med olje eller gass, og då er det øydeleggjande for miljøet

Hadde vi laga anlegget i Jærnbarnskogen nytt nå, hadde vi nok sett opp slike gatelys som står på ganske svakt, men som lyser opp når det kjem folk forbi. Lyspærene hadde vore LED-lys som krev lite straum. Vi skifter ut gamle lys med nye som krev langt mindre straum. Kommunen må tenkja både på pengar og på miljø.

- Er det mulig å lage Ungdomsklubb for 5-7 klasse?

- Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara.

Utfordringen er at vi ikke har bemanning til juniorklubb. Da må vi evt. kutte i åpningstiden for senior 8. trinn og oppover. Det blir en vurdering i forhold til hvem som er viktigst å gi tilbud. Noen foreldre vil nok mene at det er for ungt å gå på ungdomsklubb når du er 5. – 7. trinn. Noen vil også argumentere med at det finnes så mange flere fritidstilbud for denne aldersgruppen (5. – 7. trinn.)

Vigrestad storskule:

- *Er det mogleg å få til fleire og billigare bysyklar?*

- Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:
Det er mulig å få flere bysykler (det er ikke mulig å få dem billigere pr. i dag uten det foreligger noe støtte). Det ligger inne 10 stk. sykler og 20 stk. ladepunkt i sør (ikke Vigrestad) i forslaget til økonomiplan. Det er mulig å få flere bysykler dersom det bevilges flere midler til dette. Prisen vil være ca. kr. 25 000 eks. mva. pr. bysykkel og kr. 10 000 eks. mva. pr. ladepunkt (bør ha 2 punkt pr. sykkel).
- *Er det mogleg å søke om å bli ein leksefri skule? Eventuelt alle Hå-skulane? Er dette opp til rektor eller kommunen?*

· Skulesjef Rune Roaldsen svara:
Det er ingen krav om at skulen skal gje elevane lekser. Når skulen gir lekser, skal innhaldet bidra til elevane si læring og knyttast til det dei lærer på skulen.

Det er opp til kvar skule å bestemme dette sjølv. Alle skular bør diskutere korleis lekser skal vere på sin skule med elevrådet, FAU, med personalet og til slutt i SU/SMU som er skulen sitt høgaste rådsorgan. Det er rektor som bestemmer på skulen, men det er oftast ikkje lurt å bestemme ting heilt åleine, spesielt ikkje viss alle andre er ueinige.

Vidare så er det viktig og vite at det er kommunestyret som er skuleeigar. Dei kan viss dei vil bestemme ting for heile kommunen så lenge det ikkje er i mot lovar og reglar.

· *Er det mogleg å dele ut meir pengar til skulane som kan brukast til nytt og betre utstyr?*

· Skulesjef Rune Roaldsen svara:
Kvar år får skulane pengar til å drive skule for. Det er rektor som har ansvar for å lage budsjett og ikkje bruke meir pengar enn det dei har. Når ein har lyst på, eller treng mykje nytt, så er det deira jobb å prioritere og finne ut korleis dei skal bruke pengane som er tildelt. Opplæring fellespostar i sine budsjett som dei kan bruke til skular som treng noko ekstra. Kommunestyret kan og bestemme å bruke meir pengar på skule.

Tryggheim ungdomsskule:

- *Kva gjer kommunen for at barn og unge skal ha det bra?*
- Ordføraren svara:
 - Jobber med kvalitet i barnehager og skoler hver dag.
 - Oppfølging av barn og unge som trenger noe ekstra gjennom ressursgruppene i skolene.
 - Godt samarbeid på tvers i kommunen om barne- og ungdomsløftet, som skal sikre at ingen faller utenfor.
 - Alle med i Hå, som har fått over 230 barn og unge i aktivitet siden oppstarten i 2017.
 - Kommunale fritidsklubber i tre bygder, totalt tre kvelder i uka.
 - Godt samarbeid og gode støtteordninger til idrettslag og andre organisasjoner. Både til drift og til investering i anlegg.
 - Oppsøkende ungdomsarbeid på kveldstid.
 - Tett samarbeid med politikontakt.
- *Er det mogleg å fikse hol i Tryggheimvegen?*
- Ordføraren svara.
Tryggheimsvegen, i lag med Krossmyrvegen, er slitt og dårleg. I budsjettforslaget er det sett av pengar til å skifta røyrane under veggen i 2023 og 2024. Då vert gata heilt fornya. Men det må gå an å fiksa slik at veggen er

brukande fram til den store omvelinga.

Bø skule:

- *Kunstgrasset i ballbingen ved kyrkja på Nærbø er veldig slitt og løsnar. Nettet er og slitt i stykker. Dette pga mykje bruk og aktivitet. Er det mogleg å få fiksa det?*
- Fritidskonsulent Lars Erling Friestad svara:
Ballbingen veg Nærbø kyrkje er eit nærmiljøanlegg som alle kan bruke, men det er Hå kyrkjelege fellesråd («Kyrkja på Nærbø») som eig ballbingen – og som har ansvar for vedlikehaldet av den. Spørsmål om fiksing av kunstgraset og nettet må difor rettast til kyrkjeveggen i Hå (Nærbø kyrkjekontor)
- *Nærbø sentrum og plan for å fikse dette opp: elevar på Bø ynskjer ein idrettspark/ treningspark her. Er dette noko som kan la seg gjere?*
- Ordføraren svara.
Vi har vedtatt ein plan for Nærbø sentrum mellom dei to Amfi-sentera. Men det går lenge å få på plass. Det første vi gjer nå, er å skifte røyr og sikre mot flaum. Det held vi på med i Torggata nå. Samtidig lagar vi reguleringsplan (detaljert plan) for korleis dette området skal verta, med bygningar og parkområde. Eg er redd at de ikkje bryr dykk om skatepark og leikeareal når vi kjem så langt at dette er på plass, for det vil gå nokre år. Tanken vår er å få til eit levande sentrum der folk i ulike aldrar skal trivast og opphalda seg både på dagtid og kveld. Så kan jo de meina at vi burde gjera noko mens vi ventar på, og då har de jo haurdt Lars Erling fortelja om planar for anlegg dei næraste åra.
- *Mange barn og unge på Nærbø (og i Hå) spelar fotball, og det er ein viktig hobby for mange, både organisert og ikkje organisert. Oppvarma fotballhall i Loen på Nærbø (slik dei har på Bryne) er eit ynskje for i større grad å kunne spele fotball ute heile året. Det har vore eit ynskje og ei sak lenge, men handlar bla. om finansiering/ pengar. Er dette noko ein kan arbeide for, er det realistisk?*
- Fritidskonsulent Lars Erling Friestad svara:
I Hå kommune er det slik at idrettslaga sjølv eig og driv anlegga. Både Nærbø IL og Varhaug IL har planar om fotballhall, men slike hallar er svært dyre å byggja.
Den planlagte hallen på Nærbø er berekna å koste litt over 31 millionar kroner. Av dette vil idrettslaget få 10 millionar i støtte frå Hå kommune – men det er ventetid på grunn av andre anlegg (f.eks. Pumptrack, Motocrossbane, Aktivitetssaler). I tillegg vil idrettslaget få ca 8 millionar i støtte frå spillemiddelordninga til Norsk Tipping. Då er det igjen om lag 12 millionar idrettslaget må skaffe sjølv.
Så fotballhall er mulig, og det er realistiske planar for å bygge, men det er dyrt og tar tid.

Varhaug ungdomsskule:

- *Vi i elevrådet er lei av folk som fyrer fyrverkeri i hytt og pine. Vi bruker tid til dette på skolen ved å snakke og forklare til elevar og foreldre. Men det skjer fortsatt. Det gjelder også folk som bor i bygda også, de er leie av dette. Hva kan kommunen og politiet gjøre for å få folk til å slutte med å fyrverkeri utenom nyttårsaftnen?*
- Ordføraren svara.

Eg og er lei rakettar i hytt og ver. Skikkeleg lei. Politiet er og leie av å måtta bruka tid til å «leika katt og mus» med ungdommar som plagar andre. Dei har andre ting dei skulle ha gjort. Ro og orden er Politiet si oppgåve. Dei veit det. Dei er innstilte på å gi mulktar til dei som sender opp rakettar, men dei har og andre ting å gjera enn å sitja og venta på rakettoppkyting kveld etter kveld. Vi prøvde å samle ungdommar på Varhaug til eit møte i fjor med både Politi og brannvesen. Det nytta lite.

De må vera med og fortelja desse ungdommane som held på med rakettar at det ikkje er løye. Det er plagsomt for både folk og dyr.

De snakkar om det på skulen. Det er godt. Haldningsarbeid er kanskje det einaste som nyttar, og det er på same måten som kommunalt planarbeid noko som tek tid.

- *Det er en ting som vi på Varhaug U. lurer på. Overgangsfeltet fra fortauet til skolegården er det veldig lite lys. Er det mulig å opplyse dette bedre enn det er nå? Gangoverfeltet blir brukt ikke bare av skoleelever, men også andre innbyggere som skal opp til Ideen.*

- Ordføraren svara.

Vi har eit trafikksikkerhetsutvalg i kommunen.

Eg tenkjer at vi må senda spørsmålet til dei. Vi får litt pengar til trafikksikring, og det er dei som søker om dette, og det er Rogaland fylke som har pengar til slikt. Nokre vegar er det kommunen som eig. Andre er det Rogaland fylke.

Oppstadvegen er ein fylkesveg, og det er Rogaland fylke som har ansvar. Dei gjorde vurderingar og laga forsterka belysning på nokre gangfelt for eit par år sidan, f.eks på Oppstadvegen på Nærbø og på Buevegen på Varhaug og bortmed «Spikeren» i enden av Langgata på Vigrestad.

Kanhende vi må få Trafikksikkerhetsutvalget til å vurdere dette, og at dei eventuelt utfordrar Rogaland fylke om dei meiner det er nødvendig.

Motland skule:

- *Kva skal til for å ha leksefri?*

- Skulesjef Rune Roaldsen svara:

Mykje av dette er svara på i dei to første spørsmåla. De må begynne med å bruke elevrådet til å spørje rektor og melde saka inn til SU.

Sidan dei aller fleste skulane i Noreg har lekser, inkludert oss i Hå, vil eg forklare litt kvifor og korleis lekser bør vere på skulane dykkar. Lekser kan ha fleire formål:

- Elevane får lekser for å få eit betre utbytte av arbeidet med faga.
- Lekser bidreg til at foreldre involveres i elevane sitt skulearbeid.
- Relevante og godt tilpassede lekser kan bidra til at elevane opparbeider seg gode arbeidsvaner og lærer å arbeide sjølvstendig.
- Lekser kan gje elevane ro til å konsentrere seg og fordjupe seg, forberede seg på innhald som skal være tema på skulen, og til å repetere fagstoff.

Men lekser kan også lede til at elevar blir sittande med arbeid dei ikkje meistarar og dermed virke negativt inn på motivasjon, trivsel og læring. Det er derfor viktig at lærarane har eit bevisst forhold til det å bruke lekser, for å kunne bidra til at alle

elevane opplever meistring. Elevar som strevar med lekser, må få den hjelpa og støtta dei har behov for i skuletida.

Læreplanverket legg vekt på elevmedverknad. Å involvere elevane bidreg til betre læring og er avgjerande for deira motivasjon og lærelyst. Ein måte å la elevane medvirke på er å ha dialog om kva slags lekser som er nyttige for dei, korleis leksene skal gjerast og korleis elevane kan vise kva dei har lært.

Barnekonvensjonen seier at barn har rett til fritid og kvile. Skulane bør reflektere over korleis mengde og innhald i leksene kan bli handterleg for alle elevane. Det treng ikkje å bety at kvar elev får individuelt tilpassa lekser, eller at leksene deles i nivå, men at oppgavane gir rom for meistring og medverknad.

- *Som elever merker me at det at det er lite lærarar i klasserommet og me har bøker med feil fakta i fleire fag. Kvifor får ikkje skulen pengar til å bytte ut læreverk i alle fag nå som det er ny læreplan? Og kvifor kan det ikkje være meir vaksne i klasserommet siden kommunen har gått så masse i pluss?*

- Ordføraren svara.

De har mange gode spørsmål. Dette er eit godt spørsmål.

Det meste vi styrer med i kommune gjeld pengar. Det er mykje vi ønskjer å gjera, og sjølv om vi brukar ganske mykje pengar og har ganske mange folk i arbeid, får vi ikkje gjort alt vi gjerne skulle ha gjort. Politikarane held no på med budsjett for neste år. Det betyr at vi bestemmer oss for kva vi vil bruka pengane til neste år. Då er det slik at kommunedirektøren har laga eit forslag, og så er det politikarane som etterpå bestemmer.

I kommunedirektøren sitt forslag til budsjett for neste år, har ho ikkje funne pengar til nye læreverk. Så veit eg at det er kome inn forslag om å bruke pengane litt annleis slik at det skal verta pengar til nye læreverk neste år likevel. Det er kommunestyret som til slutt bestemmer dette den 16. desember. I denne salen.

Når det gjeld vaksne i klasserommet, er det på same måten. Det er eit spørsmål om kor mykje pengar vi har. Meir enn 2/3 av pengane kommunen brukar, går til lønn. Det kostar mykje å ha folk i arbeid. Eg trur at vi får seia det slik at politikarane vil ha flest mogeleg vaksne i forhold til elevane i skulen.

Samtidig vil vi ha nok folk på sjukeheimane, i heimesjukepleien, til å fiksa gater og parkar. Det er mykje vil skal gjera.

Vi vil ha ein god skule, for de er det mest verdifulle vi arbeider med i denne kommunen.

- *Me savne å ha ein plass me kan vær på kvar dag og ikkje bare ein gong i veka på Nærbø. Kan kommunen få til det?*

- Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Det er ikke planer om dette. Det vil kreve en stor økning i budsjett og bemanning. Hå kommune har til sammen tilbud tre kvelder i uka på tre forskjellige plasser.

003/21: Fordeling av midler BUK 2021

Kommunedirektøren si innstilling:

18.11.2021 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Ogna skule fremja forslag :

Beløpet på kr 60 000,- skal gå til Barnekreftforeningen i Rogaland.

Vigrestad storskule fremja forslag om:

Overføra beløpet til neste år (2022) for å "spara" til noko større.

Varhaug ungdomsskule fremja forslag:

Fordela beløpet til kvar skule og ha eit tema med; Inkludering.

Bø skule fremja forslag ;

Beløpet blir fordelt ut til skulane i Hå.

Høyland skule fremja forslag om:

Beløpet blir fordelt ut til skulane i Hå.

Tryggheim skule fremja forslag om:

Beløpet skal brukast til å få helsesister(SnapChat) til å koma og halda eit foredrag om psykisk helse. Det blir lagt opp til at dette skal føregå utanom skuletid og vera eit tilbod (invitasjon) til alle skulane.

Varhaug skule fremja forslag:

Fordela pengane tilalle ungdomsklubbane i Hå kommune.

Motland skule fremja forslag:

Beløpet blir fordelt ut til skulane i Hå.

Nærbø ungdomsskule fremja forslag:

Beløpet skal overførast til neste år (2022).

BUK tok ein pause for å diskutera dei ulike forslaga.

Etter pausen kom kvar skule på talarstolen igjen for å framføra sine forslag:

Varhaug skule;

Ønskjer å fordela beløpet til alle ungdomsklubbane i Hå

Tryggheim ungdomsskule:

Beløpet skal brukast til å få helsesister(SnapChat) til å koma og halda eit foredrag om psykisk helse. Det blir lagt opp til at dette skal føregå utanom skuletid og vera eit tilbod (invitasjon) til alle skulane.

Varhaug ungdomsskule:

Beløpet blir fordelt ut til skulane i Hå.

Beløpet skal overførast til neste år (2022).

Beløpet på kr 60 000,- skal gå til Barnekreftforeningen i Rogaland.

Bø skule:

Beløpet på kr 60 000,- skal gå til Barnekreftforeningen i Rogaland.

Beløpet blir fordelt ut til skulane i Hå.

Beløpet skal overførast til neste år (2022).

Ogna skule (5.-10. trinn):

Beløpet på kr 60 000,- skal gå til Barnekreftforeningen i Rogaland.

Beløpet skal overførast til neste år (2022).

Vigrestad storskule

Beløpet skal overførast til neste år (2022).

Beløpet blir fordelt ut til skulane i Hå.

Nærbø ungdomsskule:

Beløpet skal overførast til neste år (2022).

Beløpet på kr 60 000,- skal gå til Barnekreftforeningen i Rogaland.

Motland skule:

Beløpet på kr 60 000,- skal gå til Barnekreftforeningen i Rogaland.

Høyland skule:

Beløpet blir fordelt ut til skulane i Hå.

BUK tok eit kort gruppemøte.

Etter gruppemøtet blei det røysta i to omganger; Først over 3 forslag, deretter over to gjenstående forslag.

1. Ved røysting fekk:

Beløpet på kr 60 000,- skal gå til Barnekreftforeningen i Rogaland. 18 røyster.

Beløpet blir fordelt ut til skulane i Hå. 4 røyster.

Beløpet skal overførast til neste år (2022). 8 røyster.

2. Ved røysting fekk:

Beløpet på kr 60 000,- skal gå til Barnekreftforeningen i Rogaland. 18 røyster.

Beløpet skal overførast til neste år (2022). 12 røyster.

BUK- 003/21 Vedtak:

Beløpet på kr 60 000,- skal gå til Barnekreftforeningen i Rogaland.





